

# STORDFLYET.NO

Danish Air Transport A/S



Stordflyet er av typen ATR - 42 med eit mannskap på 3 og eit passasjertal på 46.

**Lufthamnsjef, Jan Morten Myklebust, har ei gladmelding til alle i Uskedalen og Kvinnherad. Frå juni vert det opna ei direkte rute frå Stord til Billund. Legoland ligg i Billund. Dette rutetilbodet er noko Stordflyet har jobba med i hausthalvåret 2018. No er det realitet. Familiar kan med dette reisa på weekentur tli Danmark og få med seg store opplevingar i Legoland.**

Billund er eit paradismekka for bornefamiliar. Byen byr på mykje kjekt som Legoland, Lego House og Lalandia. Vidare er det lett å ta leigebil eller buss til Kolding, Vejle eller Esbjerg, som alle er større danske byar med kaféliv, shopping og attraksjonar, seier Jesper Rungholm, direktør i DAT.

Det er gledeleg at Stordflyet tek nye initiativ, og etter mi meining er Stordflyet på rett spor med den nye weekendroute. Eg kan berre oppmoda familiar i området om å pakka opp og ta seg en tur til Billund. Flytida til Billund er berre 1 time og 30 minuttar, fortel lufthamnsjefen på Stord Lufthamn, Jan Morten Myklebust.

Ruteprogrammet er klart og det gjeld frå 28. juni og fram til 18. august. Det er avgangar kvar fredag til Billund og retur igjen om søndagen. Rutetidene er tilpassa slik at ein kjem til Billund kl. 18.30, der det då er høve for å eta ein betre kvelds i Legoland eller hoppa rett i badebuksa og bruka ettermiddagen og kvelden i Lalandia.

Billettprisane startar på kr. 499 og Stordflyet har ein eigen avtale på rimeleg billeige i Billund. Flybillettar kan bookast på stordflyet.no. Vi ventar at mange vil få glede av at det no vert ei direkte rute til Billund, sluttar Jesper Rungholm.

**Meir informasjon finn du på flyselskapet DAT eller ved å gå inn på Stord Lufthamn.**

Tekst: Pressemelding/ Kristian Bringedal

Foto: Jan Morten Myklebust

Nett: Kristian Bringedal



Sommarruta til Billund er eit flott familietilbod. Flytida er 1 time og 30 minuttar.